



Statens vegvesen, Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/817 - 16/15366

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
22.06.2016

Svar på varsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle - E 39 Osterfjordvegen ved Store Urdal - Lindås kommune

Lindås kommune ved Teknisk drift syner til Dykkar brev vedkomande varsel om mogleg vedtak om stenging av avkjørsle – E39 Osterfjordvegen ved Store Urdal – Lindås kommune.

Lindås kommune støtter forslag om stenging av avkjørsle med grunngjeving som i Dykkar brev.

Slik gang og sykkelvegen ligg i dag (sjå bilete under) er det vanskeleg å halde ein fornuftig vedlikehaldsstandard på denne vegen. Delar av vegstrekninga fungerer mest som eit anleggsområde og lagerplass for både Mesta Eiendom AS og Oster pukk og sand AS, med eit vegdekke som ikkje eignar seg for sykkeltrafikk. Standarden på vegdekket umuliggjer også ei fornuftig vinterdrift.



Figur 1 Gang- og sykkelvegen sett mot sør-aust



Dette gjer at vegen ikkje har vorte prioritert i høve til kommunal drift- og vedlikehald.

Vil vil jobbe for å få til ein avtale med Oster pukk og sand as om drift og vedlikehald av vegen inklusiv ansvar for den løpande rassikringa. I denne avtalen må det og seiast noko om bruksløyve / vegrett for eigar av Gbnr 220/11 og om utbetring av og framtidig standard på vegdekket.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved avdelingsleiar
veg
Statens vegvesen ved Unn Jenny
Utne Kvam

Mottakarar:

Statens vegvesen, Region Vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER